

Utfisking i Vonavatnet 2021

- Garnfisket i 2021 vart starta 22. mai, og vart avslutta 7. oktober med totalt 354 garndøgn. Dette var nokre garndøgn fleire enn i fjor, mest pga at innleigde Ingebrigt og Ingrid Våle fiska i 3 døgn i år mot 2 døgn i fjor
- Fokus på småaure. Har vore mange gode somrar med stor overlevelse av yngel frå elvane og aurebestanden aukar.
- 5 hytteeigarar/andre i tillegg til Ola og Britt Kringlen har rapportert fiske i år, 2 færre enn i 2020. Her er nok også noko underrapportering. Kun 3 hytteeigarar har rapportert, men vi veit det er fleire som fiskar med garn, sjølv om omfanget ikkje er stort. Hytteeigarane fiska med sine egne private garn i tillegg til nokre utlånte småmauska garn frå Utmarkslaget, mens Ola og Britt fiska med størsteparten Utmarkslaget sine garn på 13-19mm. Det vart også fiska med nokre få 26 og 29mm garn for matfisk.

Sommaren var svært fin med mykje godt veir og varme. Dette minskar «fiskelysta» hos mange. I tillegg var det lange periodar med opp til 24 grader i vatnet, noko som gjer at fisken går på djupna og er mindre aktiv, og dermed vanskelegare å fiske.

- Utmarkslaget leigde inn Ingebrigt Tveite/Ingrid Våle som fiska i tre døgn helga 17-19. september. Var nok ei til to veker for tidleg i forhold til gyting av røyr.

- **Antal oppfiska fisk**

- På dugnad: 797 fisk, av dette ca 80 % aure.
- Innleigd 4608 fisk, av dette ca 70% aure.
- Totalt: 6042 fisk.

Dette er litt i underkant av antal oppfiska i 2020. Totalt sidan oppstart av prosjektet 42306 fisk.

I dei store garna på 29mm vart det i år teke fin fisk på opp i 2,5kg, men fiske med dei store garna vert med vilje halde på eit lite antall garndøgn. Folk er flinke til å sleppe ut att stor fisk når det er mogeleg.

Folk rapporterer at det er svært vanskeleg å få fisk på stang.

- **Gratis utlån av garn plassert på Leite:**

Det er registrert 6 døgn utlån på disse i år, kun ein hytteeigar har rapportert bruk i tillegg til 2 tilreisande.

- **Vurdering av sesongen og vidare arbeid:**

Hytteeigarane bør bli flinkare til å fiske, og når dei fiskar, må fleire rapportere.

Også noko vanskeleg å skaffe folk til dugnad på vårfisket.

Plakatar om fiske og fiskekort/båttutleige må friskast opp, og det må stå plakat også på parkeringsplassen.

Aurebestanden er veksande og må haldast under kontroll, mens røya ikkje lenger er noko problem i vatnet.

Ingebrigt Tveite oppfordrer til større innsats på vårfisket, og han og Ingrid tilbyr å komme ei helg i mai/juni og gjere jobben for oss med 70 garn i 2 døgn. Forutsetning er då at Utmarkslaget kan stille midlar til disposisjon. Han har sett igjen 40 garn av sine egne som kan brukast til neste år. Deira utfisking til hausten blir som dei foregåande åra dersom Utmarkslaget løyver midlar.